

<arkivID><jpID>
Plannavn-
Detaljregulering fv.
564 Frekhaugkrysset,
inkl. utbetring av fv.
244, Komnr-4631, FA-
L13

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato:

19.08.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg | Møtedato |
|---------|--------------------------------|------------|
| 122/20 | Utval for areal, plan og miljø | 02.09.2020 |
| 095/20 | Alver kommunestyre | 17.09.2020 |

Detaljregulering for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244 Sagstadvegen - 2. gongs handsaming

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, PlanID 1256 2017 0003, som vist på plankart sist datert 23.06.20 og med føresegner av revisjonsdato 23.06.20, med følgjande endringar:

- I fellesføresegnene for området må det takast inn eit punkt som sikrar at det i anleggsperioden vert gjort avbøtande tiltak i samband med hekkesesongen for vipe.
- Det må i rekkjeføljeføresegnene sikras at tilfredsstillande løysing for varelevering til gnr. 324 bnr. 24 må vere på plass før etablering av o_SV2.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 02.09.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

APM- 122/20 Vedtak:

Innstilling i APM - 02.09.2020:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset,

inkl. utbetring av fv. 244, PlanID 1256 2017 0003, som vist på plankart sist datert 23.06.20 og med føresegner av revisjonsdato 23.06.20, med følgjande endringar:

- I fellesføresegnene for området må det takast inn eit punkt som sikrar at det i anleggsperioden vert gjort avbøtande tiltak i samband med hekkesesongen for vipe.
- Det må i rekkjeføljeføresegnene sikras at tilfredsstillande løysing for varelevering til gnr. 324 bnr. 24 må vere på plass før etablering av o_SV2.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Alver kommunestyre 17.09.2020:

Behandling:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 095/20 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, PlanID 1256 2017 0003, som vist på plankart sist datert 23.06.20 og med føresegner av revisjonsdato 23.06.20, med følgjande endringar:


- I fellesføresegnene for området må det takast inn eit punkt som sikrar at det i anleggsperioden vert gjort avbøtande tiltak i samband med hekkesesongen for vipe.
- Det må i rekkjeføljeføresegnene sikras at tilfredsstillande løysing for varelevering til gnr. 324 bnr. 24 må vere på plass før etablering av o_SV2.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Saksopplysningars:

Bakgrunn

På oppdrag frå Vestland fylkeskommune legg Multiconsult AS fram forslag til reguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244. Planområdet er på om lag 210 daa og omfattar deler av fylkesvegen forbi Frekhaug sentrum og deler av Sagstadvegen fram til snusløyfe for buss ved Sagstad skule/Meland Aktiv, jf. kartutsnitt under.



Planområdet strekkjer seg frå busshalde plass i Frekhaug sentrum aust til Sagstad skule i nordvest

Planarbeidet er ein del av Nordhordlandspakken, og ligg som prosjekt nr. 5.

Kort om planforslaget

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny kryssløysing i form av rundkjøring ved Frekhaug sentrum, samt regulering av trygge løysingar for gåande og syklande langs fv. 564 og fv. 244 Sagstadvegen. I tillegg er det regulert areal til ny kollektivhalde plass i sentrum.

Planen regulerer i hovudsak samferdselsformål. Sagstadvegen er utbetra ved endring av linjeføring, regulert gang- og sykkelveg på nordsida av vegen og ved sanering av eksisterande avkjørsler og etablering av nye felles tilkomstvegar.

Det er lagt til grunn at planløysinga kan byggast ut i 2 byggetrinn, med tilrådd oppstart av rundkjøringa i sentrum. Byggetrinnnet er tilrådd på bakgrunn av at det ikkje er finansiering til å gjennomføre alle tiltaka i reguleringsplanen.

For nærmere opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalet som ligg vedlagt saka.

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for drift og utvikling (UDU) i Meland kommune den 11.06.2019, som sak 58/2019. UDU vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningslova §12-11, samtidig som utvalet bad om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vart sett nærmere på følgjande forhold ved planen:

1. Vurdere nærmere VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet
2. Ein legg til rette for nye parkeringsplassar
3. At det i forhold til ny busshaldeplass vert avsett areal til parkeringsplassar
4. At ein komplett gang- og sykkelsti til Sagstad skule skal skisseras i planen. Det er ønskelig at eksisterande bru nyttast til skuleveg som knytes saman med fortau langs ny fylkesvei. Fortau skal fortrinnsvis leggast på same side som barneskule.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 18.06.2019 – 02.09.2019. Det kom 4 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom 5 uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Desse vert vurdert/kommentert i vurderinga under.

Vesentlege endringar etter offentleg ettersyn

Det er gjort nokre endringar i plankart og føresegner, mellom anna i høve midlertidig rigg- og anleggssbelte og retting av arealformål. Nærerare informasjon om endringane vert gjennomgått i vurderinga under.

Vurdering

Administrasjonen viser til sine vurderingar av saka som kjem fram i saksframlegget til 1. gongs handsaming av planen.

I samband med offentleg høyring og ettersyn kom det til saman 9 uttalar og merknader til planforslaget. Forslagsstiller har oppsummert og kommentert desse, jf. merknadsskjema vedlagt saka. Nedanfor er rådmannen si vurdering av uttalane lagt til oppsummeringa/kommentarane frå forslagsstillerar:

| Merknad | Forslagsstiller sin kommentar | Rådmannen si vurdering | Endring i planforslag |
|---|--------------------------------------|-------------------------------|------------------------------|
| Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) Ingen merknader | Tatt til orientering | Tatt til orientering | Ingen endring |

| | | | |
|---|----------------------|----------------------|--|
| til saka. | | | |
| NVE Ingen merknader til saka. | Tatt til orientering | Tatt til orientering | Ingen endring |
| Statens vegvesen Har ingen merknader til planframlegget. | Tatt til orientering | Tatt til orientering | Ingen endring |
| Fylkesmannen i Vestland Fylkesmannen har ingen merknader til reguleringsplanen. Hordaland fylkeskommune <u>Barn og unge:</u> HFK vurderer planforslaget som viktig for å sikre trafikktryggleiken og tilhøva for barn og unge i Meland kommune. <u>Kulturminne og kulturmiljø:</u> Riksantikvaren har, i brev 16.09.19 gjeve løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Innanfor reguleringsområdet er det registrert kokegropar og dyrkningslag som er automatisk freda. HFK krev endring av reguleringsføresegningen e. <u>Følgjande tekst skal inn i fellesføreseggnene i reguleringsplanen:</u> «Før iverksetjing av arbeid i høve til planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id. | Tatt til orientering | Tatt til orientering | Ingen endring Endring i føreseggnene §§ 2.8.2, 5.1 f), 6.10 |

| | | | |
|--|--|---|----------------------|
| <p>242205 som er merka som område for føresegn #6 i plankartet. <i>Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan blir fastsett.</i></p> <p>Nyare tids kulturminne: Kulturlandskapet på Langeland har ein verdi som bør takast vare på sjølv om løa på SEFRAK nr 1256-0205-128 vert reven. HFK ber om at ein vurderer moglegheita for å flytte løa. Vidare ynskjer HFK at det i reguleringsføresegna er vert presisert at dei eksisterande tørrmurane og trappene ved kulturmiljøet på Langeland vert sikra i anleggsperioden.</p> <p>Samferdsle: Ingen vesentlege merknader.</p> | <p>at ved skade på tørrmur og steintrapp må desse reetablerast i anleggsperioden.</p> <p>Det har vore avklaring mellom grunneigar og kommunen i forhold til løa på gnr. 324/4. Meland kommune har i brev datert 06.11.2019 uttalt: «Når det gjeld spørsmålet om gjenoppbygging av løa, vil ein ikkje tilrå eit slikt krav. Løa vil måtte flyttast til ein annan plass, som vil kunne ta matjord og ikkje nausynlegvis sikre at kunnskapsverdiane ved tunet vert ivaretatt. Det er vidare kjend ønskje om ein funksjonell driftsbygning på garden. Reguleringsføresegna må sikre at dokumentasjon av løa vert gjennomført ved riving.» Grunneigar har i samtales med kommunen ynskt plassering av ny løe på område utanfor planområdet.</p> <p>I føresegnene er det sikra krav om kulturminne- dokumentasjon av eksisterande løe før riveløyve kan gjevast, ny §6.10.</p> | <p>Administrasjonen ved tenesteområde for kultur, har vurdert at løa var ønskeleg å ta vare på som synleg markør for kulturmiljøet på Langeland, men at ulempene ved omlegging av vegtrase vert vurdert som større enn at løa vert riven.</p> | |
| <p>Frank Rune Dale</p> <p>Stenging av avkjørsle til Sagstadvegen 65-69: Meiner stenging av avkjørsla vil gi unødvendig omveg for dei som får stengt</p> | <p>Stenging av avkjørsle: SVV vurderer stenging av avkjørsla som eit godt trafikktryggingstiltak,</p> | <p>Det er berre nokre få bustader som vert råka av at avkjøsel vert stengt, og rådmann vurderer ulempa ved dette</p> | <p>Ingen endring</p> |

| | | | |
|--|---|--|----------------------|
| <p>avkøyrsla og at løysinga vil leggje beslag på dyrka mark. Andre ulemper vil vere at brøyting av avkøyrsla vil venteleg skje seinare med regulert løysing, og at Fossekrysset vil få auka trafikkbelastning.</p> <p>Plassering av G/S-veg langs fylkesvegen: Meiner løysinga gir fleire kryssingar av fylkesveg eller private avkørsler for mijuke trafikantar.</p> <p>Mellombels løysing for gang- og sykkelveg: For å få fortgang i bygging av G/S-veg foreslår merknadsstilla at ein etablerer ein mellombels løysing for G/S-veg, med duk og faste masser på vestsida av fylkesvegen. Ynskjer at det vert satt i stand eit møte mellom SVV, fylkeskommune, Meland kommune og representantar frå utbyggjarar.</p> | <p>og at ulempene som vert presentert i merknaden ikkje er vesentlege sett i høve til trafikktryggingsgevinsten. Eksisterande avkøyrsla let seg ikkje oppretthalde då det ikkje er tilstrekkeleg areal til å trekke GS-veg 5 meter ifrå køyreveg. Det er ei løysing som sikrar at mijuke trafikantar kan krysse bak bil som kjem til og frå avkøyrsla.</p> <p>Plassering av G/S-veg langs fylkesvegen: I tidlege fasar av planlegginga vart plassering av G/S-veg grundig vurdert. Løysinga i reguleringsplanen er det som vert vurdert som tryggast og som gjev tilbod til mijuke trafikantar på same side av fylkesvegen som dei bur. Ny busetnad er også planlagt på same side av fylkesvegen, viser til KPA og planprosessar.</p> <p>Mellombels løysing for gang- og sykkelveg: Statens vegvesen ynskjer ikkje å bygge mellombelse løysingar, særleg ikkje der det vert gjort ufullstendig grunnarbeid.</p> | <p>som minimal. Å oppretthalda avkjørsla med regulert gs-veg , vil vere meir arealkrevjande enn det som no er regulert. På bakgrunn av dette, samt forslagstilla si vurdering, vert merknaden ikkje imøtekome.</p> <p>Gs- løysinga som var ute på høyring vert vidareført. Fleire store utbyggingsplanar, som t.d. Langelandskogen og Fossesjøen, vil nytte Sagstadvegen frå nord-aust, samt at valet av plassering av gs-vegen samstundes byggjer på trafiksikkerhet.</p> <p>Rådmannen er eining i at mellombelse løysingar ikkje er tilrådeleg. Forslaget er òg i strid med løysinga som no vert regulert. Vidare er rådmannen positiv til at utbyggjarar vil samarbeide om å få på plass gang- og sykkelveg, men at det forsettelsen må skje etter planen er vedtatt og etter regulert løysing.</p> | |
| <p>Tonny Langeland</p> <p>Eiendommen 24/12 ligger som restareal mellom utbyggingsområde i nordøst, under</p> | <p>I planforslaget er det regulert for betre lokalisering og gjennomføring av nytt kryss til Frekhaug</p> | <p>På søre del av bnr. 324 gnr. 12, mellom Bustølvegen og Rosslandsvegen, er om lag 1 daa</p> | <p>Ingen endring</p> |

| | | | |
|--|--|--|----------------------|
| <p>regulering og bebyggelse i sør. Planlagt rundkjøring reduserer areal avsatt til «bustad og tenesteyting».</p> <p>Veg til Bustølvegen deler den største gjenværende parsell på bruket. Foreslår utbedring av dagens Bustølveg. Vedlagt kart sendt til kommuneplanen.</p> | <p>sentrum. I kommuneplanen er dette arealet planlagt til bustad og tenesteyting. I arealdelen til kommuneplanen var det ikkje teke omsyn til veglova sin byggeavstand til fylkesvegen. Vedlagt reguleringsplanen fyl W-teikningar som syner forslag til arealerverv til nytt veganlegg. Området i KPA er foreslått erverva til nytt kryss og landskapstilpassing til kryssløysinga. Bustølvegen er i planforslaget planlagt omlagt som følgje av endra trase og stigningsforhold på Sagstadvegen.</p> | <p>omregulert frå bustad til LNF-formål i dette planforslaget. Arealet ligg nærmere enn 50 m til fylkesveg, samt innfor raud og gul støysone, og framstår i dag som gjengrodd med busk og kratt. På bakgrunn av dette vurderer ein arealet som lite attraktivt og ueigna som bustadformål. Reguleringsplan ryddar såleis opp i plansituasjonen for området, der ein ser at det regulerte formålet i KDP ikkje er føremålstenleg.</p> <p>På nordre del av 324/12, som er lokalisert på nordaust sida av Sagstadvegen, er formålet som er sett i KDP vidareført med unntak av det som går vekk til vegformål. Nemnte areal, som er avsett til bustad/tenesteyting, er under regulering i samband med områdeplan for Langelandskogen og evt. innspel må rettast til dette planarbeidet.</p> <p>Andre innspel som gjeld disponering av areal på Langeland, jf. vedlagt kartskisse, må vurderas ved rulling av kommuneplan.</p> | |
| <p>Knut Arild Langeland</p> <p>Utvidelse av Sagstadvegen sin påvirkning av eiendommen 24/5. Planlagt veg går over nedre del av hagen. Mulig å legge avkjørsel til løe på motsatt side</p> | <p>Planlagt GS-veg fyl dagens vegareal og det er regulert for 3 meter anna veggrunn langs GS-veg. Køyreveg er planlagt nærmere løe enn dagens veg. Eksisterande mur</p> | <p>Om ein legg avkjørsla til løe (f_SV8) på andre sida, vil den kome for tett på avkjørsla på motsett side, f_SV5.</p> | <p>Ingen endring</p> |

| | | | |
|---|--|---|----------------------|
| <p>og av bygget og da trekke vegtraséen nærmere løen. Ønsker fotgjenger overgang mellom løe og bolig, for trygg kryssing til Bustølvegen. Ønsker at eks utkjørsel opprettholdes og naboen utkjørsel stenges for å benytte eks utkjørsel til 24/5.</p> | <p>mellom fylkesvegen og uteplass skal kunne oppretthaldast. I planutarbeidingsa er det sett på løysing med å oppretthalde dagens avkørsle. Med tilbaketrekt GS-veg medførte det vegareal tett på bustad 24/59 og ei løysing som er vurdert å vera lite tilfredsstillende. Gangfelt vert ikkje regulert i reguleringsplanen.</p> | <p>Rådmannen er elles einig i forslagstiller sine vurderinger.</p> | |
| <p>Vestenfjeldske eigedom</p> <p>Påpeker at planforslaget er i strid med nylig vedtatt områdereguleringsplan. Negativ virkning på sentrum med endret plassering av rundkjøring. Løsningen medfører omveger for gående. Kvartalsstruktur i delområdene S1 -S5 vil ikke lenger være naturlig inndeling av området med dette planforslaget.</p> <p>Varelevering til 24/24 ikke kan benyttes som følge av o_SV2. Medfører også reduksjon av felles parkering PP1. Planlagt med to T-kryss tett på hverandre som kan skape uoversiktlig trafikksituasjon. (o_SKV2, o_SKV3 og o_SKV4)</p> <p>Mener at forslag til detaljreguleringsplan for Frekhaugkrysset må forholde seg til vedtatt områdereguleringsplan og overordna grep for utvikling av</p> | <p>Detaljplan for Frekhaugkrysset har som hensikt å regulere for byggbar løysing, der kryssområdet og byggetrinn 1 er planlagt etablert via Nordhordlandspakken tiltak 5. Rundkjøring er planlagt lenger mot sørvest enn rundkjøring regulert i områdeplanen. I områdeplanen er det også planlagt for T- kryss med Sagstadvegen. Til detaljplanen er det utført grunnundersøkingar for å finne eigna plassering og for å kunne regulere for kryssløysing som er byggbar. Snitt i planrapport viser grunnforhold under planlagt rundkjøring. Til forskjell for områdeplanen, så kan rundkjøringa i denne detaljplanens etablerast og knytast til dagens vegsystem i sentrum, utan trong</p> | <p>Rådmannen er einig i forslagstiller sine vurderinger. Undersøking av grunnforholda i planområdet viser at løysinga i eksisterande plan for Frekhaugkrysset ikkje er realiserbar. Dette inneber at rundkjøringa må flyttast, og følgjeleg må dei råka areala omdisponerast og tilpassas den nye lokasjonen.</p> <p>Områdeplan for Frekhaug sentrum vart vedtatt i 2014. Deler av planområdet, S1-S4, er no under omregulering i områdeplan for Langelandsskogen. Kvartalstrukturen som ligg i desse områda vert truleg endra. Vidare er det naturleg at rammene for sentrumsutvikling med gangaksar og strukturar vert lagt til områdeplan.</p> | <p>Ingen endring</p> |

| | | | |
|---|---|--|---------------|
| Frekhaug sentrum. | <p>for omlegging av kollektivhaldeplassen . Planforslaget vert ikkje vurdert å vera ei negativ løysing for dagens sentrum og regulerer for ei framtidig løysing som kan koplast til områdeplanens løysingar.</p> <p>Areal kring 324/24 er i områdeplanen regulert til gangareal (G1). I planomtalen er det skrive at vareleveringa skal skje via vegen vest for senterområdet. Havnevegen er vest for 324/24 planlagt som i områdeplanen. Byggetrinnsløysing for ny rundkjøring medfører at den kan byggjast og koplast til dagens vegnett i sentrum. Det er ei løysing som også ivaretak varelevering til gnr. 324, bnr. 24 som i dag.</p> | <p>I områdeplan for Frekhaug senter er det skrive i planomtalen (s 27) og heimla i føresegne (§ 4.3.7.) at S7 skal ha varemottak mot KV2. Dvs. at ved full utbygging vil denne planen truleg kome i konflikt med vareleveringrammen til 324/24. Då det uvisst når denne delen av veganleggvet vert bygd, rår rådmannen til at det i føresegne under §6 vert heimla at tilfredsstilande løysing for varelevering til gnr 324 bnr 24 må vere på plass før etablering av o_SV2.</p> | |
| Frekhaug senterforening <p>Parkerings: Meiner det er underdekning på parkeringsplasser i sentrum i dag. Planforslaget medfører reduksjon av 55 plasser bak MAX/Fitness/ Intersport.</p> <p>Flytte rundkjøring mot øst slik at den ikkje ødelegg alle muligheter for varelevering. Akse for gående nord /sør (jf KPA), må opprettholdes slik at en kan bevege seg risiko fritt. Bør rydde opp i hele</p> | <p>Områdeplan for Frekhaug sentrum viser arealbruk for parkering bak MAX / Fitness / Intersport. Reguleringsplan for Frekhaugkrysset overlappar mindre del av områdeplanen med Havnevegen og ikkje parkeringsarealet langs Havnevegen.</p> <p>Reguleringsplanen for Frekhaugkrysset medfører ein reduksjon av områdeplanens regulerte parkeringsareal PP1, om lag 10 p-plassar.</p> | <p>Området bak bygga S9 og S7 er i dag regulert til gangveg/gangareal i områdeplanen for Frekhaug, men vert i dag nytta som parkeringsareal. Denne planen råkar ikkje denne delen av området, og dette formålet vert liggjande som før. Det vil bli reduksjon av parkeringsplasser, m.a. PP2 og luker langs Havnevegen fell vekk, men det ligg framleis til rette for ein større parkeringsplass framføre bygning S7 i områdeplan for</p> | Ingen endring |

| | | | |
|---|---|---|--|
| <p>sentrumsområdet når det gjeld trafikk, gangveier og parkering.</p> | <p>Parkeringsplassen PP2 som viser 21 plassar og 1 HC-plass kan ikkje realiserast med nytt Frekhaugkryss. Områdeplanen for Frekhaug sentrum regulerer 40 fleire parkeringsplassar enn dagens plassar. Det vil då med Frekhaugplanens endring av områdeplanen framleis vera regulert for om lag 9 fleire parkeringsplassar enn dagens tal på parkeringsplassar.</p> <p>I forhold til byggetrinnsløysing for etablering av ny rundkøyring er situasjonen i sentrum uendra. Nordhordlandspakken prosjekt nr. 5 omfattar i hovudsak løysingar i byggetrinn 1 innanfor denne reguleringsplanen. Rundkøyringa er planlagt slik at den kan byggjast i forhold til dagens veg til sentrum. Det er områdeplanens framtidige struktur som medfører endring for vareleveringa. Viser <i>til planomtale til områdeplanen og kommentar over</i>. I KPA sin planomtale er korridor frå Elvavika via Frekhaug sentrum til Langeland / Storeknappen omtalt at den er teke vare på. I dette planforslaget legg ein til rette for kryssing i plan på sør og nordsida av fv. 564. Plan for</p> | <p>Frekhaug.</p> <p>Vidare vil ein i plan for Langelandsskogen legge til rett for parkering nord for den nye kollektivhaldeplassen.</p> | |
|---|---|---|--|

| | | | |
|---|--|---|----------------------|
| | <p>Frekhaugkrysset legg til rette for kopling mellom GS-veg og turvegar. Regplan for Langeland-skogen vil i større grad sikre turvegtrasear.</p> <p>Plan for Frekhaugkrysset har hatt som formål å planlegge for eitt nytt kryss som let seg realisere.</p> | | |
| <p>Elderådet, sak 35/2019</p> <p>Elderådet sluttar seg til vedtak gjort i Utval for drift og utvikling 11.06.2019, sak 58/2019.</p> <p>Elderådet vil i tillegg peike på at det må kome bru for gåande og syklande. Dersom ikkje, så må det vere eit minimum at det vert regulert med lyskryss.</p> | <p>Planforslaget omfattar ikkje eksisterande bru over fv.564. I tilknyting til ny rundkøyring er det regulert for kryssing av fylkesvegen i plan. Fylkesvegen kan kryssast med stopp på refuge / midtrabatten, eitt og eitt køyrefelt.</p> <p>Refugen har bredde og lengde (kap. 8.7 i planomtalen) som gjer at ein kan stoppe før kryssing av neste køyrefelt. Dette er ei løysing som er vurdert å vera trafikksikker. Ny gangbru ved rundkøyringa medfører i ganglengde på om lag 220 meter, som for brukarar kan verta vurdert som ein omveg.</p> <p>Eksisterande gangbru over til Bustølvegen ligg utanfor reguleringsplan for Frekhaugkrysset. Det vil med ny rundkøyring framleis vera mogleg å bruke eksisterande gangbru.</p> | <p>Rådmannen er einig i at lengda på ei ev. gangbru for gåande og syklande om ein skal oppnå riktig stigning, vert for omfattande å opparbeide.</p> <p>Det vert sett på løysingar for kryssing av Rosslandsvegen for mijuke trafikantar i områdeplan for Langelandsskogen (som signalregulert overgang), då full utbygging av denne vil generere høgare gang- og sykkeltrafikk over fylkesvegen enn dagens situasjon.</p> | <p>Ingen endring</p> |
| <p>Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, sak 30/2019</p> | <p>Tatt til orientering</p> | <p>Tatt til orientering</p> | <p>Ingen endring</p> |

| | | | |
|--|---|---|---|
| Har ingen merknader i saka. | | | |
| <p>UDU, utval for drift og utvikling, saksnr. 58/2019</p> <p>a. Før 2. gongs handsaming av planforslaget ber kommunen om at VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet vert nærmere vurdert.</p> <p>b. Utval for drift og utvikling vil foreslå at i det vidare arbeid med rundkøring i Frekhaug legg til rette for nye parkeringsplassar. Det bør vurderast at det i forhold til ny busshaldeplass vert avsett areal til parkeringsplassar.</p> <p>c. Utval for drift og utvikling vil at en komplett gang- og sykkelsti til Sagstad skule skal skisseres i planen. Det er ønskelig at eksisterende bro brukes til skolevei som knyttes sammen med fortau langs ny fylkesvei. Fortau skal fortrinnsvis legges på samme side som barneskole.</p> | <p>a. VA-rammeplan er revidert og oppdatert i samsvar med kommentarar gjevne i saksutgreiinga. (kap. 2.1.1, 2.2, 3.2.1, 3.2.2, 3.2.5, 3.3.4)</p> <p>b. Vurdering av parkeringsplassar og nye parkeringsplassar til ny busshaldeplassen er gjort i nytt kapittel til planomtalen.</p> <p>Forslag til reguleringsplan for Frekhaugkrysset vert ikkje endra for å regulere framtidig løysing i sentrum for parkering. Plankartet vert endra slik at areal som overlappar parkeringsareal i områdeplan for Frekhaug sentrum vert endra til parkering i denne plan. Reguleringsplan for Frekhaugkrysset sikrar ny rundkøring regulert på areal som gjer at eksisterande kryss kan utbetraast og at rundkøringa kan koplast til eksisterande vegnett i sentrum. Løysinga er vist i teknisk teikningshefte, byggetrinn1. Utførte grunnundersøkingar til denne reguleringsplan tilseier at områdeplanens arealdisponeringar også kan vurderast i nokre områder.</p> | <p>a. Va-rammeplane vert kommentert som eige punkt i saksframlegget.</p> <p>b. Det vert ikkje lagt til rette for fleire parkeringsplassar i samband med busshaldeplassen i Frekhaug sentrum. Ny innfartsparkering for vidare reise med kollektivtransport er regulert ved kollektivknutepunktet på Flatøy.</p> <p>c. Rådmannen er einig i forslagstilfeller sine vurderingar.</p> | <p>Endring i VA-rapport, tillegg i planrapport med kapittel som omtaler regulert areal til parkering.</p> <p>Endring i plankart, parkeringsareal i samsvar med områdeplan for Frekhaug sentrer.</p> <p>Endring i føresagnene med ny føresagn, §3.2.10 Parkeringsplass .</p> |

| | | | |
|--|---|--|--|
| | <p>c.Det er vurdert at nordsida av Sagstadvegen er beste val for gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegen vert då liggjande på same side som eksisterande bustader og framtidig bustadområde. Ved Sagstad skule er det i dag gangfelt over fv.244, kryssing som kan oppretthaldast med gang- og sykkelvegen.</p> <p>Planforslaget regulerer ikkje for utbetring av Bustølvegen anna enn for kopling til Sagstadvegen.</p> <p>Bustølvegen vert vurdert å framleis vera eit alternativ som skuleveg också när ny gang- och sykkelveg längs fv. 244 är anlagd.</p> <p>Frånvaro längs Bustølvegen mellan bron över Rosslandsvegen och till Sagstadvegen, ska inte tas till med i planforslaget.</p> <p>Bustølvegen ska värderas att ha en trafikmängd som inte kräver frånvaro. Man beräknar att det är sannsynligt att man väljer att korsa länsväg 564 vid en runtledning om man ska gå längs Sagstadvegen och en väl att korsa bron över Rosslandsvegen.</p> | | |
|--|---|--|--|

VA-rammeplan

Uttalen frå samferdsel, veg og VA er lagt ved saksframlegget. Tilbakemeldinga går i hovudsak ut på etablering av ny hovudleidning i nytt trekkerør, eldre pvc-leidningar som må erstattas/saneras og nærmere kartlegging av området der det i dag er problem med handtering av overvatn.

Hovudtrekka ved rammeplanen er tilfredstilande, men det må gjennomførast eit samordningsmøte med kommunen si VA-avdeling før ein startar utarbeiding av endelig teknisk detaljplan. Føresegn §2.6 sikrar at VA-løysing skal godkjennas av kommunen før anleggstart.

Barn og unges interesser

Etablering av gang- og sykkelveg langs fv. 244, vil gje barn og unge ei ny trygg ferdsselsåre mellom Frekhaug sentrum og Sagstad. For borna som soknar til Sagstad skule, sikrar ein trygg skuleveg. Ny rundkøyring med tilhøyrande kryssingar gjer trafikkbilete meir brukarvenleg og oversiktleg.

Folkehelse

Brukardenlege og attraktive gang- og sykkelvegar legg til rette for ein aktiv kvardag for alle brukargrupper, noko som vil kunne bidra positivt til folkehelsa. Gang- og sykkelvegen ved fv. 244 knyt seg òg opp mot innfallsårer til turnettet i området.

Naturmangfald

Planområdet ligg lett tilgjengeleg i eit område der det allereie er utført tiltak, det er delvis utbygd og har opparbeida terrenge i form av store landbruksareal. Særleg sørsida av Sagstadvegen utgjer eit økologisk funksjonsområde for fleire fuglearter. Vipe, som har status som sterkt trua på raudlista, nyttar område både til næringssøk og reproduksjon. I planomtalen er det fremja eit avbøtande tiltak som rår til at anleggsperioden langs fv. 244 bør avgrensast og minimerast i hekkesesong for vipe. Tiltaket er ikkje følgt opp i føresegnene, og rådmanen rår til at ein sikrar dette før endelig vedtak av plan.

Økonomi

Det er lagt til grunn at planløysinga kan byggast ut i 2 byggetrinn, men tilrådd oppstart av rundkøyring i Frekhaug sentrum som byggetrinn 1. I budsjettet for Nordhordlandspakken ligg trafikksikkert kryss ved fv. 564 inne (med avgrensa midlar), resterande tiltak i plan treng annan finansiering.

Konklusjon

Framlegget til reguleringsplanen er i stor grad i tråd med overordna plan og rådmann sluttar seg til det planfaglege grepet og hovudformålet i planforslaget med samferdselsanlegg og regulering av ny rundkøyring, tilkomstvegar og gang- sykkelløysingar frå Frekhaug sentrum til Sagstad skule.

Etter vår vurdering må planforslaget endras på følgjande punkt for å vere tilfredsstillande:

- I fellesføresegnene for området må det takast inn eit punkt som sikrar at det i anleggsperioden vert gjort avbøtande tiltak i samband med hekksesongen for vite.
- Det må i rekkjeføljeføresegnene sikras at tilfredsstillande løysing for varelevering til gnr. 324 bnr. 24 må vere på plass før etablering av o_SV2.

Forslaget til detaljregulering/områderegulering anbefalias vedtatt med desse endringane.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|---|---------|
| 19.08.2020 | Føresegner_Frekhaugkrysset_23.06.20 | 1432704 |
| 19.08.2020 | Plankart1_Frekhaugkrysset_23.06.20 | 1432708 |
| 19.08.2020 | Plankart2_Frekhaugkrysset_23.06.20 | 1432709 |
| 19.08.2020 | Planomtale_Frekhaugkrysset_23.06.20 | 1432710 |
| 19.08.2020 | ROS_Frekhaugkrysset | 1432713 |
| 19.08.2020 | VA-rammeplan_Frekhaugkrysset | 1432714 |
| 19.08.2020 | Geoteknisk_rådgivning_Frekhaugkrysset | 1432715 |
| 19.08.2020 | Støyutgreiing_Frekhaugkrysset | 1432716 |
| 19.08.2020 | Tolkning av grunnforhold_Frekhaugkrysset | 1432720 |
| 19.08.2020 | Merknadsoppsummering_off.ettersyn | 1432721 |
| 19.08.2020 | Ytre_Miljø_innspel_Frekhaugkrysset | 1432723 |
| 19.08.2020 | Innspel byggefasen_Frekhaugkrysset | 1432724 |
| 19.08.2020 | Uttale frå Samferdsel veg, vatn og avløp | 1432725 |
| 19.08.2020 | Kulturhistoriske registreringar_Frekhaugkrysset | 1432726 |
| 19.08.2020 | Tekniske tegninger m w-tegninger 08.05.20 | 1432727 |
| 19.08.2020 | Tekniske tegninger u w-tegninger 08.05.20 | 1432728 |
| 19.08.2020 | Saksframlegg 1. gongs handsaming | 1432729 |